



## Møtereferat – internt

U.off:

Vår ref  
2023/7048-5

Sakshandsamar:  
Kyrre Einar Hegg

Arkivkode:  
U01

Dato:  
03.10.2023

Til:	Sendt på e-post til deltagarane i møtet/strategigruppa
Frå:	Kyrre Einar Hegg

Gjeld:	<b>Møte i strategigruppa for ny reiselivsstrategi 25. september 2023 - referat</b>
Møtetid:	<b>25. september 2023 – 13.15-15.15</b>
Møtestad:	<b>Formannskapssalen på kommunehuset i Åmot</b>
Tilstade:	Gudrun Semons frå Visit Haukeli, Torben Andersen og Kristin Larsen frå Visit Rauland, Elin Hommo og Lilly Marita Tvittekja Bergland frå Visit Vinje, Gry Åsne Aksvik, Åsne Skjøtskift Øygarden, Aud Irene Kittelsen og Kyrre Hegg frå Vinje kommune + Landbruksrådgjevar Thor Christiansen og konsulent Anne Guro Hommo under første sak om reiseliv og landbruk
Fråverande:	Miriam Lauritsen frå Visit Haukeli

### Reiseliv og landbruk

Landbruksrådgjevar Thor Christiansen og Anne Guro Hommo var med i starten av møtet. Anne Guro ferdigstiller for tida eit første utkast av ny landbruksplan/-strategi for Vinje kommune. Thor og Anne Guro snakka om arbeidet så langt og kvifor det er viktig at me ser landbruk og reiseliv i samanheng. Mange bønder kombinerer landbruk med reiselivsrelaterte aktivitetar. Lokalmat er dessutan viktig for reiselivet. Viss det konvensjonelle landbruket forsvinn, så forsvinn også lokalmatprodusentane. Landbruket må bli framsnakka og verdsett. Kulturlandskapet er viktig for reiselivet, samtidig som det er ein del interessekonfliktar mellom næringane i utmarka.

Representantane frå reiselivet var samde i denne framstillinga. Dei påpeiker at det er ønskje i reiselivet om å bruke/promotere lokalmat, og at utfordringa like mykje er mangel på aktørar som ser potensialet i dei mange turistane og hytteigarane i Vinje. Bruk av lokalmat er også ekstra krevjande for serveringsstadene. Framsnakking og verdsetting må også vere gjensidig mellom næringane.

Det er semje om å bruke reiselivsstrategien og landbruksplanen/-strategien til å jobbe for betre koplingar mellom næringane. Dette inkluderer dialog mellom landbruket/bøndar/grunneigarar og reiselivet, samt betre informasjon om og avklaring/skilting av stiar for å førebygge interessekonfliktar i utmarka.

### **Nasjonal mytekonferanse i Flatdal**

Torben og Lilly Marita deltok frå Vinje. Konferansen blir organisert av bedriftsnettverket Mytiske Telemark, som blei initiert knytt til at E-134 blei lagt utanom Svartdal. Dei jobbar med reiseliv og anna næring, inkludert merkevarebygging. Nettverket kan vere ein god samarbeidspartnar framover.

### **Status reiselivsstrategi Vest-Telemark**

Vest-Telemarkrådet/Visit Telemark ventar på konstituering av nye kommunestyre før dei sender ny reiselivsstrategi til endeleg handsaming i dei seks kommunane i regionen. Visit Telemark vil invitere seg inn i kvart kommunestyre og samstundes føreslå finansiering av fase 3 ("Frå ord til handling"). Det er framleis usikkert korleis fase 3 vil sjå ut, så me må sjå dette an. Til neste møte tar kommunen kontakt med Visit Telemark for å be om at me får meir informasjon så snart dei har det.

Vest-Telemark får ny destinasjonskoordinator frå 1. oktober. Ho heiter Annika Frantzon og kan fungere som observatør og sparringspartnar i prosessen vår.

Hilde Ivesdal Pedersen, som leiar prosjektet for berekraftssertifisering, skal lage ein eigen handlingsplan for sertifiseringsprosjektet som me kan integrere i vår strategi.

Kyrre har fått dokumentasjonen/notata frå den lokale prosessen me hadde i Vinje som ein del av strategiarbeidet i Vest-Telemark. Idébanken i strategien for Vest-Telemark inneheld også nokre punkt for Vinje sin del.

### **Kunnskapsgrunnlag**

Kyrre har lagt inn ei høyringsuttale frå Norske alpinanlegg og fjelldestinasjoner og ein NIBIO-rapport om landbruk og reiseliv i lista over kunnskapsgrunnlag på [nettsida vår](#).

Me hadde ein lengre diskusjon når det gjeld kva for tal og fakta om reiselivet i Vinje som me skal hente inn. Berekraftssertifiseringa handlar i stor grad om å hente inn data og dokumentere, og den femner vidt. Me blei samde om å ta utgangspunkt i [standarden for berekraftige reisemål](#) når me no hentar inn nye tal og fakta, og så supplere med andre tal/fakta ved behov. Kyrre har snakka med Hilde i Visit Telemark, som er samd i denne tilnærminga og vil kunne bidra aktivt i arbeidet. Me snakka også om ulike leverandørar av tal og utrekningar som kan vere aktuelle. I første omgang må me lage ein kravspesifikasjon som kan ligge til grunn for ei bestilling. Me blei samde om å sette ned ei lita arbeidsgruppe med representantar frå Visit Rauland, Visit Telemark og kommunen. Arbeidsgruppa utarbeider eit forslag til vegen vidare for strategigruppa. Om dei andre destinasjonane har

innspel på dette tidspunktet, er det berre å sende desse til prosessleiaren/Kyrre. Visit Haukeli har alt sendt nokre innspel.

### **Mal for lokalt strategiarbeid**

Kyrre presenterte malen for det lokale strategiarbeidet på dei tre destinasjonane. Malen ligg på nettsida. Den er basert på dei 10 innsatsområda i den regionale strategien, standarden for berekraftige reisemål og lokale særtrekk i Vinje. Malen er meint som eit utgangspunkt, og destinasjonane står fritt til å føreslå ein annan struktur og andre tema. Me er samde om å prøve å vere så konkrete som mogleg når me føreslår tiltak og å vere tydelege på kven me meiner skal gjere kva og kven som skal betale/finansiere.

Destinasjonane bestemmer sjølv kven dei vil involvere i denne første fasen av strategiarbeidet. Samtidig må me saman sørge for at alle relevante interessegrupper blir involvert i løpet av prosessen. Det er difor viktig at destinasjonane dokumenterer kven dei involverer og snakkar med. Det lokale strategiarbeidet blir agendapunkt i kvart møte framover.

### **Neste steg**

Det er fleire prosessar på gang knytt til tettstadutvikling Vinje, spesielt i Haukeli og Åmot. Me er samde om å prøve å definere desse som ein del av reiselivsstrategien, eller i alle fall sørge for at prosessane blir koordinert med arbeidet med ny reiselivsstrategi.

### **Neste møte**

25. oktober 13:00 til 15:00 i Glasrommet på kommunehuset i Åmot. Innkalling er sendt ut. Denne blir etter kvart oppdatert med forslag til agenda og førebuing.